



Vestland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1740 - 23/20013

Sakshandsamar:  
Sture Helle  
sture.helle@osteroy.kommune.no

Dato:  
07.09.2023

## Enkel skogsveg gbnr 4/1 ny 4/112 - vedtak

Saksnr. 253/23

### Kommunedirektøren sitt vedtak:

**« Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar godkjenner Osterøy kommune bygging av 200 meter landbruksveg klasse 8 på gnr.3/4 og 4/112 som om søkt. .**

**Bygging av vegen skal skje skånsamt med tanke på kulturminne, natur og miljøverdiar i området.**

**Arbeid med framføring av vegen skal gjerast i samsvar med revidert utgåve av normalar for bygging av landbruksvegar utgitt av landbruksdepartementet i 1997 revidert gjeldande frå 01/01/22.**

**Dersom det under arbeidet med bygging av vegen kjem fram funn som kan vere av interesse for kulturminne myndighetene skal alt arbeid stansast inntil rett forvaltningsmynde har vurdert nærmare funnet. (jf. Kulturminnelova §8. 2.ledd.). Det vert sett som vilkår at vegen skal krysse steingard der denne er fjerna.**


**Osterøy kommune skal ha melding når arbeidet er ferdig for sluttgodkjenning av vegen.»**

### Saksutgreiing:

Vi viser til motteken søknad dagsett 26/06/2023 om opparbeiding av skogs-/landbruksveg på gnr/bnr 4/1, no ny 4/112.

Det er i skriftleg avtale mellom eigar av 4/1 og Vestland Fylkeskommune datert 01/03/2023 gjeve ny vegrett for eigedomane gbnr 3/3 og 3/4 over 4/1, no 4/112. Dette som erstatning for sanert veg ved opparbeiding av ny gang og sykkelveg.

Vestland Fylkeskommune har søkt om opparbeiding av enkel traktorveg, vegklasse 8 i vegenormalar for landbruksvegar. Det er sendt inn slik situasjonsplan:



Vegen skal gå i eit tidlegare traktor-slep og treng lite opparbeiding, den vil krysse steingarden mellom gnr. 3 og 4 det steingard er fjerna tidlegare, og har ei lengd på om lag 200 meter. Denne vegen treng så lite opparbeiding at den knapt treng sokjast.

Vi har vald å handsame denne på grunn av ny avkjørsle samt kryssing av steingard. Når det gjeld ny avkjøring er det vegeigar som søker som er ansvarleg, kommunen legg til grunn at denne vert utført i tråd med gjeldande reglar.

Krav til kryssing av steingard vert sett i vedtak.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Sture Helle  
Sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

**Mottakarar:**

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen